

Flintøksfunn hindrar ikkje planering

30.09.2013

Fylkeskommunen har no uttala seg om bakkeplaneringa som er planlagt på Kjerland. Det gjeld to mindre areal som ligg aust og søraust for tunet.

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden, som bygningar, tufter og liknande som tiltaket vil koma i konflikt med, Men det er kjent eit lausfunn av ei flintøks ovanfor det omsøkte arealet.

Funnet vart gjort 50 meter over havet og aust for bekken som renn ned mot tunet. Denne type funn vert oftast gjort i samband med buplassar frå steinalder, men høgda over havet indikerar at dette er eit reint lausfunn.

Fylkeskommunen ber elles om at det vert teke mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiene i området og at arbeidet vert stansa hvis det kjem fram funn eller konstruksjonar